



Eldbjørg og Ole Sivertsvoll ventar storinnrykk på Røros i helga.

Eldbjørg og Ole Sivertsvoll inviterer til dobbelt syskenbarntreff på Røros i helga. Det er Eldbjørg sine syskenbarn på mors- og farssida i Uskedalen som i løpet av dagen kjem fram til Bergstaden. Etter frammøte i heimen deira går turen til slagghaugane og friluftsspelet Elden seint i kveld.

Den fyrste invitasjonen vart sendt ut i november i 2015. Med lang reise for mange er det flott med eit frammøtetel på vel 45 gjester. Syskenbarna på farssida kjem frå Sanden i sentrum av Uskedalen. På morssida er det frammøte frå Eik og Kjærland. Margit og Bjørgulv Eik, tante og onkel til Eldbjørg, er med i fylgje.

I morgon, laurdag, er det Bergstadvandring i Røros sentrum. Festen er lagt til hotellet på kvelden. Etter guida tur i Olavsgruva på sundag vert syskenbarntreffet avslutta på fjellgarden til Eldbjørg og Ole, Sivertsvollen ved innsjøen Aursunden.

Uskedalen.no er lova gruppebilete frå samlinga. Redaksjonen skal også fylgja opp med ein artikkel om tuntreet på Sanden som vart bord og benker og som no er frakta til Røros som gåve.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal
Foto: Hans Gustav Mussland